



Trenarane Svein Ove Bråtun og Gørill S. Eik (raud) har gjort ein svært god jobb med laget gjennom fleire sesongar. Her gjev dei spelarane instruksar i pausen. (Foto: Thor Inge Døssland).

Lillejentene spela siste kampen før ferien på Heio mandag. Solid Raud var motstandar, og i solsteiken vart det ein fartsfylt og jamnspela kamp. Etter at laga hadde fulgt kvarandere gjennom heile kampen, sette gjestene inn sigersmålet berre sekundar før dommaren, Thomas Halvorsen, bles av kampen.

Uskedalen kom best i gang. Dei gjekk offensivt til verks, og berre etter få minutt sette målfarlege Ingebjørg Haugland inn første målet. Like etter auka same spelar til 2-0, men etter det vakna Solid-spelarane og stod fram som eit svært godt og innsatsfylt lag.

Publikum fekk oppleva ein god første omgang med heile 8 mål, - riktig ein publikumskamp. Ingebjørg stod for kunststykket og scora alle fire uskedalsmåla, nokre av dei kom etter godt angrepsspel med fine innlegg frå sidene. Pauseresultatet var altså 4-4.

Utover i 2. omgang var også kampen svært jamnspela. Både publikum og spelarane hadde nok god tru på heimesiger då arbeidsame og aktive Kari Bråtun fekk betalt for innsatsen då ho styrte eit godt innlegg fint i mål. 5-4.

Solid gav ikkje opp. Dei kvitterte like etterpå, før dei altså sette inn sigersmålet like før slutt. Dermed kunne dei reisa heim til Stord med 6-5-siger.

Av Thor Inge Døssland



Laget sin toppscorer Ingebjørg Haugland sette inn fire mål i første omgang. (Foto: Thor Inge Døssland)